



Professor Helland kåserar i Bøkkerverkstaden. (Foto:Kristian Hus)

Eit nytt høgdepunkt vert nådd i 100-årsfeiringa av kyrkja i Uskedalen laurdag klokka 19. Då skal 3 professorar med sterk lokal tilknytning samtale om dei store spørsmål i livet. Alle er knytt til Universitetet i Bergen: Dag E, Helland er professor i bioteknologi. Reidar Myklebust i anatomi og Jørn Øyrehagen Sunde i rettshistorie.



Professor øyrehagen Sunde er sterkt engasjert i Baroniets historie. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alle 3 har ved diverse høve fengsla tilhøyrarane også på heimebane med sine spesialtema


og lagt for dagen store kunnskapar og evner med omsyn til formidling. Uskedalen har all grunn til å vera stolt av sitt professorale innslag!

Men laurdag kveld skal dei fundera innanfor ei større spennvidde og freista å finne svar på desse spørsmåla:

- * Utelukkar vitskap og tru kvarandre gjensidig?
- * Kva utfordringar oppstår når dei møter kvarandre?

Soknerådet vonar at mange kjem i kyrkja og deltek i samtalen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen



Professor Myklebust heime på Rabben. (Foto:Ola Matti Mathisen)